

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017

Nils Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag:

2. «Fylkestinget vedtar at Hordaland fylkeskommune gir sin tilslutnad til at prosjektet Masfjordsambandet blir delfinansiert med bompengar, under føresetnad av at dei kommunane det gjeld fattar vedtak i samsvar med forslaget som er oversendt frå Statens vegvesen.
3. Det vert lagt til grunn ei styringsramme for prosjektet på 1 200 mill. 2017-kr og ei kostnadsramme på 1 400 mill. 2017-kr. Rammene er fastsette etter ekstern kvalitetssikring (KS2). Bompengebidraget er førebels utrekna til om lag 180 mill. kr. Masfjorden kommune bidrar med totalt 40 mill. 2017-kr. Hordaland fylkeskommune finansierer resten av beløpet, om lag 980 mill. kr inkl. mva-kompensasjon.
4. Innkrevjinga skjer i begge retningar i ein automatisk bomstasjon plassert på Skarvetangen.
5. Bompengeperioden er avgrensa til 20 år.
6. Hordaland fylkeskommune aksepterer at gjennomsnittleg bompengetakst vert sett til 90-95 2017-kr. Med gjeldande føresetnader tilsvarer dette 104-110 kr per passering for kjøretøy i takstgruppe 1 og 208-220 kr for kjøretøy i takstgruppe 2. Nullutsleppskjøretøy skal betala 50 pst av takstgruppe 1.
7. I tråd med nye takstretningslinjer vert det lagt til grunn at trafikantar i takstgruppe 1 som betalar med elektronisk brikke oppnår 20 prosent rabatt. Det vert ikkje gitt rabatt for kjøretøy i takstgruppe 2. Det er føresett at bompengetakstane vert justert i samsvar med prisutviklinga.
8. Kostnadsauken utover prisstigninga opp til kostnadsramma for prosjektet skal dekkast med fylkeskommunale midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Eventuelle meirkostnader ut over kostnadsramma er fylkeskommunens ansvar.
9. Dersom inntektene vert høgare og/eller finansieringskostnadane lågare enn føresett, skal bompengetaksten redusrast eller bompengeperioden kortast ned. Endeleg takst- og rabattsystem skal leggjast fram for lokalpolitisk handsaminf i god tid før innkrevjinga tar til.
10. Dersom det etter at innkrevjinga er starta opp viser seg at bompengeselskapet sin økonomiske situasjon gjer det naudsynt, kan bompengeselskapet, etter avtale med Vegdirektoratet, auka gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. ut over prisstigninga og/eller forlenga innkrevjingsperioden med inntil 5 år.
11. Hordaland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldkausjon for naudsynte bompengelån 250 mill. kr for utbygging av Masfjordsambandet under dei føresetnader og vilkår som er nemnde i saka.»

Natalie Golis (MDG) sette på vegner av MDG og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget viser til at FV570 Masfjordsambandet/bru over Masfjorden ikkje er prioritert i regionale planar.
2. Fylkestinget vil understreke moglegheitene elektrifiseringa av ferjeflåten i regionen bidreg til

for å nå våre mål om reduserte klimagassutslepp. Bruprosjekta har eit langt større klimaaavtrykk og står ikkje opp om desse måla.

3. Med grunnlag i ei samla vurdering av planprioritering, klimaeffektar, trafikkgrunnlag versus nytte og den krevjande økonomiske situasjonen for fylkeskommunen, finn ikkje fylkestinget grunnlag for å bygga bru over Masfjorden og å senda bompengesøknad og søknad om å motta tilskott frå ferjeavløysingsordninga.»

Nils Marton Aadland trekte forslaget sitt.

Røysting

Golis sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Innstillinga fekk 13 røyster (H, Frp, V, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget støttar Masfjorden kommune sitt ønske om å byggja prosjektet Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua. Fylkestinget vedtek å senda søknad om ferjeavløysingstilskott og bompengesøknad, datert 16.11.2017, på desse vilkåra:

- Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua må fullfinansierast av ferjeavløysingsmidlar, bompengar og kommunale tilskot.
- Endeleg vedtak om prosjektet og finansiering vert å koma tilbake til utan at fylkeskommunen forpliktar seg ved oversending av søknad om ferjeavløysingstilskott og bompengesøknad.
- Fylkestinget ber Staten betra ferjeavløysingsmiddelordninga slik at Masfjordbrua i hovudsak kan finansierast av desse kombinert med bompengar og kommunale tilskot. Fylkestinget merkar seg at fleirtalspartia på Stortinget har tinga ein gjennomgang av ordninga ved budsjettforliket november 2017.
- Fylkestinget meinar at auke i klimagassutslepp skal kompenserast i framtidige klimabudsjett for å ivareta fylkets ambisjonar om kutt i klimagassutsleppa.